

**PROTOKOLL 2020
FOR
BØMLO BÅTLAG – Org.no 892334242**

Langevåg 5443 Bømlo

Styret for 2019:

Leiar: Kjell Idar Lønning
Kasserar: Kristen Thorsen
Styremedlem: Willy Lodden
Varamedlem: Svein Eide

Nestleiar: Nils Petter Vespestad
Skrivar: Kåre Bogetveit
Styremedlem: Nils Olson
Varamedlem: Frank Baumann

Styret for 2020:

Leiar: Terje Kallevåg 1 år
Kasserar: Tor Inge Vestvik 2 år
Styremedlem: Willy Lodden 1 år
Varamedlem: Svein Eide 1 år

Nestleiar: Nils Petter Vespestad 1 år
Skrivar: Kåre Bogetveit 1 år
Styremedlem: Nils Olson 1 år
Varamedlem: Bjørn G, Sandbukt 2 år

Revisor for 2020:

Helge Vespestad 1 år

Endringar i vedtektene, vedteke på årsmøtet 20.02.2020:

1. § 1 NAMN OG FORMÅL

Gammal tekst:

3. Alle kan bli medlem av Bømlo Båtlag. Det er ikkje nødvendig å vera båteigar for å vera medlem av laget. For å få båt plass må ein vera medlem av laget, og fastbuande på Bømlo.

Ny tekst:

3. *Alle kan bli medlem av Bømlo Båtlag. Det er ikkje nødvendig å vera båteigar for å vera medlem av laget. For å få båt plass må ein vera medlem av laget og fastbuande, eller ha fritidseigedom på Bømlo.*

2. § 2 ORDINÆRT ÅRSMØTE

Gammal tekst:

2. Saker som skal opp på årsmøtet skal meldast til styret seinast 8 dagar før årsmøtet.

Ny tekst:

2. *Saker som skal opp på årsmøtet skal meldast styret seinast 10 dagar før årsmøtet. Innkomne saker som skal opp på årsmøtet skal sendast ut til alle medlemmene fire dagar før møtet.*

3. § 6 KONTINGENT OG HAMNELEIE

Gammal tekst:

2. Båtplassane vert nedskrive med 5% pr år over ein periode på 10 år. Pristillegg for eigen jordfeilbrytar blir lagt til på innkjøpssummen, og har samme nedskrivingsats.

Ny tekst:

2. *Båtplassane vert nedskrive med 5% pr år over ein periode på 10 år.*

Gammal tekst:

12. Kasserar har ansvar for tildeling av båtplass i samråd med styret. Dvs. at styret alltid skal informerast skriftleg før båtplass vert tildelt.

Ny tekst:

12. *Hammesjef har ansvar for tildeling av båtplass i samråd med styret. Dvs. at styret alltid skal informerast skriftleg før båtplass vert tildelt.*

4. § 7 ANSVAR

Gammal tekst:

5. Alle som leiger plass i båthamna pliktar å gje opp båten sine data til styret, på eige registreringsskjema. Opplysningane skal brukast til ajourføring av båthamna sitt register.

Ny tekst:

5. *Alle som har båt i båthamna pliktar å gje opp båten sine data til hammesjefen på eige registreringsskjema. Opplysningane skal brukast til ajourføring av båthamna sitt register.*

5. § 8 PLIKTAR OG RETTAR

Gammal tekst:

4. Medlem med båt i båthamna pliktar å utføra inntil 8 timar dugnad pr år. Om nødvendig kan styret kalla inn til ekstra dugnad. Styret kan, ut frå særskilde grunnar, gje fritak for pliktig dugnad. For ikkje å møta på pliktig dugnad, må medlemmene betala ein timesats som blir fastsett av årsmøtet. Eventuelt skuldig beløp etter manglande dugnadsinnsats skal betalast saman med kontingenten. Alle medlemmer skal informera styret når dei tar opp båten vinteren, grunna utleige og oversikt for dei som går hamnerundane. Medlemmer med båt i hamna

er sjølv ansvarleg for å holde utriggarar og sin del av brygga fri for groe. Dette vert ikkje rekna som felles dugnad.

Ny tekst:

4. Medlem med båt i båthamna pliktar å *delta på* inntil 8 timar *pliktig vedlikehaldsarbeid* pr år. Om nødvendig kan styret kalla inn til ekstra *vedlikehaldsarbeid*. Styret kan, ut frå særskilde grunnar, gje fritak for *pliktig arbeid*. For ikkje å møta på *slikt arbeid*, må medlemmene betala ein timesats som blir fastsett av årsmøtet (500,-). Eventuelt skuldig beløp etter manglande *vedlikehaldsarbeid* skal betalast saman med kontingenten.

Nytt pkt 5


5. Alle medlemmer skal informere *hamnesjef/styret* når dei tar opp båten for vinteren, grunna utleige og oversikt for dei som går havnerundane. Medlemmer med båt i hamna er sjølv ansvarlege for å halde utriggere og sin del av brygga fri for groe. Dette reknast ikkje som felles *vedlikehaldsarbeid*.

Tidlegare pkt 5 (Bruk av klubbhus) blir no pkt 6

Bømlo 24.02.20



Kristen Thorsen



Nils Petter Vespestad